

Sluttrapport for forprosjektet:

“Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?”



Begge foto: Vegard Gundersen



**Buskerud Bonde-
og Småbrukarlag**

Samandrag

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker? Dette forprosjektet har jobba med å finne svaret på spørsmålet i perioden 1. november 2024 til 31. oktober 2025.

Det viktigaste tiltaket har vore å gjennomføre ein halvdags workshop i fem kommuner og evaluere desse. Og det viktigaste resultatet i forprosjektet er at denne formen for opplæring er liv laga. Det viste seg tydeleg at den ikkje var perfekt, men prosjektgruppa anbefalar at noko liknande kan brukast vidare i forbetra form - dette blir drøfta i rapporten.

Forprosjektet har hatt fem tiltak:

Tiltak 1 handla om å finne ut kva opplæring dei folkevalde får i dag. Dette vart gjennomført av prosjektleiarane som enkle intervju med fem ordførarar. Hovudinstrykket var at det er for lite tilpassa opplæring i arealforvaltning i folkevaldopplærina frå KS som mange benyttar.

Tiltak 2 handla om å gjennomføre workshop i kommunestyre. Dette var det mest omfattande tiltaket og har fått mest plass i rapporten vidare. Forskarane Hanne Sickel og etterkvart Christian Pedersen frå NIBIO vart leigd inn og laga workshopane med fasilitator Tone Aas Skålevik. Workshopar vart gjennomført i fem hallingdalskommunar med totalt 92 deltakarar. Både ein oppvarmingsdel, ein bolk i temadelen og avslutningsdelen vart leia av fasilitator Skålevik og var nytt for dei fleste deltakarane. I eine temadelen skulle deltakarane til dømes gå inn i ulike roller med ulikt syn på arealbruk. Den andre temadelen var foredrag og dialog med forskaren om effektane av utmarksbeiting. Det store fleirtalet var godt nøgde, rundt 60 % ytra seg positivt i evalueringsskjema, rundt 10 % negativt og resten nøytralt. Eit anna viktig funn var at 87 % kunne tenkje seg meir opplæring. Tre tema skilde seg ut som politikarane ville lære meir om: arbeidsplassar og ringverknader av hyttebygging, konsekvensar for natur og konsekvensar for kommuneøkonomien av hytteutbygging. I snitt kryssa deltakarane av for 6 tema av 16 moglege. Eit mindretal av deltakarar (rundt 8%) meinte i evalueringsskjema at opplegget var for einsidig og nokon færre at det vart for mykje rollespel og lek.

Tiltak 3 handla om å arrangere ei digital samling med arealplanleggjarar i Hallindal. Med dei same forskarane og prosjektleiarane. Her vart forskjellige tema drøfta, med bakgrunn i det same spørsmålet som bakteppe. Viktige aspekt å ta med seg vidare derifrå er rolleforståing og innspelet "Kva om foredragshaldarar var med i ein del to, eit faktisk møte seinare?"

Tiltak 4 var arbeidsmøter og styring av prosjektet.

Tiltak 5 er utarbeiding av denne rapporten som mellom anna har heile oppskrifta på workshopane, mange detaljerte resultat frå dei ulike kommunane og til slutt ein del råd for vidare arbeid.

Innhald

Samandrag	2
1. Innleiing	4
Behov og bakgrunn	4
Prosjektperiode, prosjektorganisering og økonomisk ramme	5
2. Prosjekt mål	6
3. Tiltak i prosjektet	6
Tiltak 1: Opplæring i dag	6
Tiltak 2: Workshopane	7
Planlegging	7
Gjennomføring	7
Tiltak 3: Samling for arealplanleggjarar	12
Tiltak 4: Styring av prosjektet	13
Tiltak 5: Rapport med råd for vidare arbeid	13
4. Resultat	14
Tiltak 1 - Opplæring i dag	14
Tiltak 2 Workshopane	15
Resultat frå evalueringsskjema	15
Oppsummering av observasjonar frå notatane til prosjektleiarar:	25
Eigen kritisk evaluering av tiltak 2	26
Tiltak 3 Samling for arealplanleggjarane	26
5. Drøfting av resultata og forslag til vidare arbeid	30
Lite opplæring av poltikarane i arealsaker hittil	30
Workshop er liv laga og politikarane ynskjer meir opplæring	30
Viktige moment frå samlinga med arealplanleggjarane	32
Forslag til vidare arbeid	32
6. Takk til deltakarar og finansieringskjelder	33
Vedlegg 1, evalueringsskjema	34
Vedlegg 2, E-post med linkar til forskingsresultat	36
Vedlegg 3 Eksempel på notatar	38

1. Innleiing

Behov og bakgrunn

Folkemøte

Bonde- og småbrukarlaga i Hallingdal gjennomførte i samarbeid med Viken fylkeskommune eit folkemøte i Ål kulturhus 23. november 2023 der tittelen var: «Bør grunneigarar og politikarar prioritere, natur, matproduksjon eller utbygging?» Det var innlegg frå både forskarar, bønder og reiselivet og tilslutt i møtet var det paneldebatt. At så mange som kring 200 deltakarar møtte opp, syner at tema arealforvaltning er dagsaktuelt.

Ideen til folkemøtet kom på bakgrunn av at det er fleire beitebrukarar som opplever ein vanskelegare kvardag pga stadig fleire hytter og tilhøyrande ferdsel, det er også eksempel på at gode beiteområde har gått ut av bruk på grunn av dette. For beitebrukarar er den stadige nedbygginga av natur ei stor bekymring. Auka konfliktnivå pga ferdsel og hytter er ei belastning på den enkelte bonde som bidreg negativt til den kontinuerlege vurderinga om ein skal halde fram eller gje seg i landbruket.

På folkemøtet presenterte me både detaljert og aggregert statistikk. Mellom anna at det i Hallingdal totalt var snaut 15 000 hytter i 2006, og 20 451 ved inngangen til 2023. Summen av hittil ubygde avsatte og regulerte tomter i Hallingdal er på om lag 16 000 einingar. Altså er den per no politisk planlagte framtida å nesten doble talet på hytter.

Proessen vår etter folkemøtet

Det kom gode tilbakemeldingar på programmet i folkemøtet, særleg frå somme av dei mange lokalpolitikarane som var tilstades. Derfor vart det drøfta og tenkt på om me skulle jobbe vidare med temaet heilheitleg arealforvaltning.

I starten av februar 2024 hadde ein del av føredragshaldarane og arrangørane av møtet i november 2023 eit teamsmøte. Me drøfta der om det kunne vera fornuftig å søke prosjektmidlar til å finne ut kva politikarar treng for å ha betre grunnlag til å ta avgjerd i arealsaker. Me kom til at det kunne vera fornuftig å søke midlar til eit forprosjekt. Det kom forslag om å arrangere ein halvdagsworkshop for politikarane i Hallingdalskommunane og dei tre Numedalskommunane. Me var samde om at opplegget på workshopen ikkje skulle vera belærande, men at det er viktig å få fram at det er fleire sider i arealforvaltninga. Derfor vart det føreslått å legge til rette for at workshopen kan vera ein arena for å kjenne på å vera i andre roller enn dei ein inntek til vanleg for dermed å bli betre bevisst på andre perspektiv og interesser. Viktige tema vil vera kva kunnskap ein som politikar kan etterpørje og kva verktøy som finst.

Målet etter gjennomført workshop, var at politikarane skulle vite meir kva dei har behov for i ei grundigare opplæring.

Me snakka uformelt med ein av ordførarane i Hallingdalskommunane som var særst positiv til opplegget me hadde tenkt oss. Ordføraren hadde også innspel som me tok med oss i arbeidet med å skrive søknaden til forprosjektet.

Økonomi og sysselsetting

Utbygging gir store inntekter for utbyggjarar og det gir arbeidsplassar. Samtidig kan utbygging føre til at arbeidsplassar i landbruket blir borte fordi det blir for vanskeleg å drive, og dermed tap av matproduksjon og attgroing ved at beite går ut av bruk. Så har det øvrige reiselivet ei interesse av både eit levande kulturlandskap og mindre påverka natur.

Fyrstnemnde aspekt med arbeidsplassar ved sjølve hytteutbygginga og verdiane i dette blir mykje trekt fram for å seie ja til utbygging. Forskinga har meir å seie om alle desse effektane på sysselsetting på kort og lang sikt. Truleg vil betre opplæring kunne gje politikarane fleire faktorar å ta inn når dei veg ulike økonomiske ringverknader opp mot kvarandre.

Naturtap

Noreg har skrive under på naturavtala frå 2022 som mellom anna seier at alle land skal verne 30% av land- og havområda i verda. Fyrste av 23 delmål er «Sikre at alle arealer er omfattet av deltakende og helhetlig arealplanlegging som inkluderer hensyn til naturmangfold og/eller effektive forvaltningsprosesser som tar tak i arealbruksendringer på land og i hav, slik at tapet av arealer som er viktige for naturmangfold, inkludert økosystemer med god økologisk tilstand, nærmer seg null innen 2030, samtidig som urfolks og lokalsamfunns rettigheter respekteres.»

Me har altså dei siste åra tapa mykje natur og artsmangfald. Det har vorte ekstra aktuelt i opinionen med programmet «Oppsynsmannen» på NRK som synte korleis Norge blir bygd ned bit for bit og at naturverdiane ofte tapar for utbyggingsinteressene.

Spørsmål alt dette munner ut i:

Korleis kan kommunane bli betre på arealforvaltning? Korleis få fram naturverdiar betre? Korleis synleggjere landbruket sitt behov for utmarka betre?

Prosjektperiode, prosjektorganisering og økonomisk ramme

- **Prosjektperiode:** 1.november 2024 til 31. oktober 2025.
- **Prosjekteigar:** Buskerud Bonde- og småbrukarlag
- **Prosjektansvarleg:** Fylkessekretær i Buskerud Bonde- og småbrukarlag Kjetil Jørstad frå 1. november 2024 til 20. Januar 2025. Fylkessekretær i Buskerud Bonde- og småbrukarlag Marianne Tandberg frå 20.januar 2025 til 31.oktober 2025.
- **Prosjektleiingar:**
 - Embrik Rudningen 20% stilling i 8 månader
 - Marit Torsrud Nerol 20 % stilling i 8 månader
- **Innleigd forskarkompetanse:** Hanne Sickel og Christian Pedersen frå NIBIO
- **Innleigd fasilitor/coach kompetanse:** Tone Aas Skålevik frå firmaet Coaching at Teaterart

I planleggingfasa av prosjektet bidrog forskar Vegard Gundersen frå NINA med eigeninnsats.

Styringsgruppe: Styret i Buskerud Bonde- og småbrukarlag har fungert som styringsgruppe og har fått undervegsorientering i prosjektperioden via prosjekteigar i rolla som fylkessekretær.

Prosjektgruppe har vore dei to prosjektleiarane og dei to innleigde forskarane. Det har vore jamnlege møter for både å planlegge, gjennomføre og evaluere dei ulike tiltaka.

Økonomisk ramme har vore:

Tilskudd innvilget Buskerud Fylkeskommune	230 000
Tilskudd innvilget Statsforvalteren i Oslo og Viken, Fjellandbruksmidler	230 000
Buskerud Landbruksselskap	37 500

Sum tilskot er: kr 497 500

Det var lagt opp til 50% eigeninnsats i prosjektet. Eigeninnsatsen er gjort av politikarar, administrasjon i kommunane, administrasjon Buskerud Bonde- og småbrukarlag, forskarane og prosjektleiarane. I fylgje rekneskapet er eigeninnsatsen 769 timar, verdsatt til kr 499 850. Samla verdiskaping av dette prosjektet er kr 997 350.

2. Prosjektmål

Mål: Finne ut kva som skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker

3. Tiltak i prosjektet

Tiltak 1: Opplæring i dag

Tiltaket er formulert slik i forprosjektet: Kartlegge kva opplæring nyvalde politikarar får i arealforvaltning i dag?

Tiltak 1 var i stor grad ei brikke for å lukkast best mogleg med tiltak 2: workshopane
Prosjektleiarane hadde 30 minutt på Teams med kvar enkelt ordførar.

Spørsmåla me drøfta på møtene med ordførarane var:

1. Kva for opplæring får politikarane i arealforvaltning i dag?
2. Kva innspel har kommunen din å koma med til "workshop"?
3. Stadfesting av dato, tidspunkt og opplysningar om det praktiske for workshop.

Oppsummering av svara på spørsmål 1 er gjengitt under punkt 4, resultat.

Tiltak 2: Workshopane

Tiltaket er formulert slik i forprosjektet: Planlegge og gjennomføre ein halv dag med workshop i kvar kommune med alle representane i dei ni kommunestyra ut frå behov for kunnskap og informasjon. Bruke rollespel som bevisstgjerings for å lettare forstå ulike behov og sider som skal belysast i eit case. Ta opp ulike utfordringar frå pressgrupper (grunneigarar, utbyggjarar, natur- og miljøinteresser, beiteinteresser) og frå media. Etter gjennomført workshop skal politikarane gi innspel til kva ei grundigare opplæring i arealforvaltning skal innehalde.

Planlegging

Då me skulle planleggje tiltak 2 ein halv dags workshop for kommunane, og bruke rolle- spel som bevisstgjerings, skjønte me at me hadde behov for å leige inn kompetanse for å få til dette. Prosjektet fekk avtale med Tone Aas Skålevik frå coaching@teaterart.no som har erfaring med slike prosessar. Prosjektleiaren og to forskerar møtte henne to enkeltdagar i februar 2025 på Wøyen gård i Bærum for å jobbe med planlegging av workshop. Ho hjalp oss gjennom øvingar til å sjå at det er viktig med oppvarming for å leggje til rette for å vera open for tildømes ny informasjon og dermed å sjå saker for fleire sider. På desse dagane fekk me inspirasjon og saman med henne laga me ein plan for innhald og struktur i halvdags workshop.

Ambisjonen vår var å gjennomføre workshop i dei seks hallingdalskommunane og dei tre numedalskommunane. Ved planlegginga av workshopen vurderte me at me trengde fasilitatorkompetanse også ved gjennomføringa av workshopane. Dermed hadde me ikkje nok midlar til alle ni kommunane. (Den eine hallingdalskommuna hadde uansett takka nei fordi dei hadde gåande andre prosessar som tok mykje av dei folkevalde si tid.)

Gjennomføring

Me gjennomførte 5 workshopar i Hallingdalskommunane. På den fyrste workshopen mangla me ein forskar, og på den femte workshopen mangla me Tone aas Skålevik sin fasilitatorkompetanse. For å skildre korleis workshopane var lagt opp tek me utgangspunkt i ein køyreplan som var heilt lik for dei tre kommunane der me hadde fullt mannskap. Alle observasjonar og betraktningar kjem under punkt 4. resultat.



Bilder fra workshop

Køyreplan for workshop tilpassa rapporten:

11.55-12.05 Navnelappskriving når dei kjem inn døra

12.05 Introduksjon

Alle politikarar og tilsette frå administrasjonen stod i sirkel. Prosjektleiarar Marit Nerol og Embrik Rudningen introduserte seg sjølv og Hanne Sickel forskar ved Nibio, Christian Pedersen forskar ved Nibio som var vikar for Vegard Gundersen NINA. Pluss Tone Aas Skaalevik frå coaching@teaterart som styrde resten av workshopen.

12.10 Oppvarming del 1 ved Tone

- **Ball** (alle i sirkel, mellom anna seie navnet sitt ved mottak og kaste vidare)
- **Knips, klapp, tramp** (Poenget med øvinga var at ein måtte fokusere på makkeren for at paret skulle lukkast)
- **To hjørner** (Heile gruppa måtte velje mellom to ting og fordele seg i motsatte hjørner i høg fart. Fire "problemstillingar": Frankrike/Italia, Hund/katt, sjoko/chips, Skog/fjell)

12.20 Oppvarming del to

På linje (Alle måtte samarbeide om å plassere seg i riktig rekkefølge på ei lang linje.

Tema var: navn alfabetisk, favorittmiddag alfabetisk, kor glad er du i reising, frå minst til mest, kor glad er du i turister i din kommune, frå minst til mest.

12.30 Oppvarming del tre

Dei som ikkje var politikarar trengde ikkje vera med herifrå og ut (tilsette frå administrasjonen var med på resten av workshopen i alle kommunane, men då som observatørar).

Her var øvinga "På linje" slik som førre øving men med meir politiske spørsmål. Etter linja var etablert vart ho delt i to på midten. Dei to nye linjene vart dirigerte så dei stod mot kvarandre. Dermed vart det danna par som meinte ulike ting. Kvar enkelt tenkte 45 sekund, para diskuterte dei respektive spørsmåla 2 minutt og det var så deling i plenum 3-5 minutt. Spørsmåla var:

1. Kor mange nye hytter bør det byggjast her per år ilt dei neste 10 åra? (0-200)
2. Har kommunen eitt ansvar for å avhjelpe klima- og naturkrise?
3. Er planvask eit gode?
4. Kor stor tillit har de til konsekvensutredninga, utført på vegne av utbyggjarane?

12.45 Pause til 12.55

12.55-14.20 Temadel:

Deltakarane vart delt i to grupper. Me hadde to rom i alle kommunane: Hanne Sickel var i det eine og Christian Pedersen i det andre. (I Gol kommune var prosjektleiarane åleine i det rommet.) Gruppene bytta rom halvvegs, i gjengivinga i opplegget her tek me ikkje med dei respektive punkta frå køyreplanen som skildrar korleis forskarane køyrde det same opplegget to gonger.

12.55-13.30 Hanne Sickel sitt rom

Bildet under hang på veggen i rommet (Foto: Oskar Puschmann)



Hanne gav alle ordet og bad dei svare på spørsmålet “Hvilke verdier ser du i bildet” ila dei fyrste 10 minutta, utan at ho hadde gjett nokon føringar.

Deretter hadde ho eit foredrag om følgande tema knytt til biologi og utmarksbeiting:

- **Biologisk mangfald** (beiting i utmark er avgjerande for mange artar)
- **Matberedskap** (det er potensiale til å tredoble dagens omfang av beiting i utmark)
- **Produktkvalitet** (ulike stoff som finst i fjellplanter er berre der. Og gir mjølk- og kjøttprodukt særeigne kvalitetar)
- **Klimaverknad av beiting** (albedoeffekt, at lyse flater reflekterer meir og reduserer oppvarming, pluss hypotesen om at sekundære metabolittar frå fjellplantene kanskje kan føre til lågare metanutslepp frå drøvtyggjarar)

Ho tilpassa foredraget innspela som kom frå gruppa og påpeikte kva dei allereie hadde nevnt og kva som evt ikkje allereie var nevnt. Dei siste fem minutta var det spørsmålsrunde.

13.30-13.40 pause

13.40 til 14.20 hjå Christian, Tone Skålevik og den andre prosjektleiaren

13.40-13.46

Deltakarane vart vist dette biletet (Foto: Vegard Gundersen) og fekk eitt minutts betenkingstid før alle måtte svare kort på spørsmålet: “Kva verdiar ser du her?”



13.46-13.50

Christian supplerte med aspekt som evt ikkje var nevnt og kommenterte det deltakarane hadde nevnt på bakgrunn av forskning.

13.50-14.00

Same todelte øvelse med eit nytt bilete (Foto: Vegard Gundersen)



14.00-14.10 (Begge bileta er synlege)

Alle trekte lapp slik at det blei fire-fem grupper med ein til tre på kvar gruppe. Sidan kommunestyra har ulikt tal på representantar måtte særleg denne øvinga her tilpassast frå stad til stad. Me varierte rolletalet mellom fire og fem og smågruppestorleik frå ein til tre for at det skulle gå opp. Likeså med taletid på alle øvingane. Det var sett fram fire-fem stolar som var merka med skilt:

- Utbyggjar
- Innbyggjar med vekt på friluftsliv
- Beitebrukar
- Innbyggjar med vekt på arbeidsplassar
- Naturvernar

Så kom spørsmålet: *“I den rolla du har fått no, kva er di løysing for natur og sysselsetjing”*

Gruppene fekk 90 sekund til samtale seg imellom. Deretter 90 sekund per gruppe for å framføre i plenum.

14.10-14.15 (Begge bileta er synlege)

Alle fekk ny rolle og nye par ved at personane i para gjekk ein stol i kvar sin retning. 60 sekund til samtale seg imellom, 30 sekund til framføring.

14.15-14.20

Christian supplerte og kommenterte

14.20-15.00 Avslutningsdel ved Tone i hovedsalen (dei to gruppene vart slått saman att)

Forskarar og prosjektleiar kort spontan oppsummering av kva som har skjedd ila workshopen så langt.

14.25 Tre stoler ved Tone

Alle samla i ring att. Tre stolar plassert og alle deltakarane fekk eitt minutt til å vera innom alle tre stolane og i plenum svare på dei respektive spørsmåla:

- Stol 1: Kva forventningar hadde du?
- Stol 2: Kva fekk du?
- Stol 3: Kva treng du no for å få bli betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

14.50

Utfylling av evalueringsskjema. Alle fekk det i handa med beskjed om å brette og legge det i ei kasse etter utfylling for å få det anonymt.

14.58

Ordføraren fekk ordet. Takk for oppmøtet ved prosjektleiarane. Beskjed om at det blir utarbeida rapport og at me sender epost via ordførar med relevante forskingsartiklar.

15.00

Ferdig!

Tiltak 3: Samling for arealplanleggjarar

Tiltaket er formulert slik i forprosjektet: Ei samling for arealplanleggjarane i Hallingdalskommunane- og tre Numedalskommunar der det blir stilt spørsmål: Korleis kan kommunane sikre at konsekvensutgreiingane er nøytrale og ikkje favoriserer enkeltinteresser? Korleis jobbar kommunane med planvask? Kva kompetanse har arealplanleggjarane behov for? Etter gjennomført workshop skal arealplanleggjarane gi innspel til kva dei ynskjer seg av opplæring.

Då me begynte arbeidet med denne samlinga syntest det klart for oss at sjølv om spørsmåla i tiltaket formulert ovanfor er interessante, er dei på sida av prosjektmålet.

Derfor omarbeidde me noko av målsetjinga med samlinga og laga følgande program:

Del 1: Informasjon og presentasjon av resultat i forprosjektet: Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

Del 2: Dialog med erfaringar frå arealplanleggjarane

Tre spørsmål til refleksjon og samtale.

Hovudspørsmålet vårt i dette forprosjektet er:

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

Sett frå dykkar profesjon som arealplanleggjar.

Spørsmål 1:

Kva erfaringar har du som arealplanleggjar for det overordna spørsmålet:

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

a) Kor godt synes du at du lykkast med å lage saksframlegg som politikarane forstår?

b) I kor stor grad forstår politikarane saksframlegga slik du som arealplanleggjar har meint ?

c) Korleis opplever du heile saksgangen ?

Spørsmål 2:

a) Kva kunnskap har politikarane i dag sett frå dykkar ståstad?

b) Kva for kunnskap skulle du som arealplanleggjar ynskje at politikarane hadde meir av?

Spørsmål 3:

Konkrete forslag til tiltak når spørsmålet er:

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

- Døme:
- Ulike former for politikaropplæring
- Det du som arealplanleggjar kan gjere
- Andre forslag

Samlinga vart gjennomført i tråd med programmet. 16 tilsette frå planavdelingane i fire kommunar deltok. Samandrag av det omtalte dokumentet kjem under punkt 4. resultat.

Tiltak 4: Styring av prosjektet

Tiltaket er formulert slik i forprosjektet: Gjennomføre to styringsgruppemøter og to prosjektgruppemøter.

Det vart ikkje oppretta eige styringsgruppe for prosjektet. Styret i Buskerud Bonde- og småbrukarlag har fungert som styringsgruppe og har fått undervegsorientering i prosjektperioden via prosjekteigar i rolla som fylkessekretær. Det har vore seks styremøter i prosjektperioden der forprosjektet har vore tema.

Prosjektgruppe har vore dei to prosjektleiarane og dei to innleigde forskarane. Det har vore jamnlege møter for både å planlegge, gjennomføre og evaluere dei ulike tiltaka.

Tiltak 5: Rapport med råd for vidare arbeid

Tiltaket er formulert slik i forprosjektet: Utarbeide rapport med konkrete råd til kva politkaropplæring i arealforvaltning skal innehalde i eit hovudprosjekt.

Denne rapporten er utarbeida basert på notatar og evalueringsskjema frå heile prosjektperioden.

Prosjektgruppa med Hanne Sickel, Christian Pedersen, Marit Torsrud Nerol og Embrik Rudningen har i fellesskap bestemt innhaldet.

Marit Torsrud Nerol og Embrik Rudningen er forfattarar, Hanne Sickel og Christian Pedersen er medforfattarar.

Fylkessekretær i Buskerud bonde- og småbrukarlag Marianne Tandberg har vore viktig bidragytar særleg på struktur, språkvask og layout.

4. Resultat

Tiltak 1 - Opplæring i dag

Oppsummering frå notata våre etter teamsmøter med dei respektive ordførarane. Merk: opplysningane er ikkje kvalitetssikra, då dei var laga for å ha eit utgangspunkt for tiltak 2. Sidan dette berre skal gje eit inntrykk av omfanget og ikkje vera fasiten for kva dei enkelte kommunane har gjort, anonymiserer me kommunane.

Kommune 1

Brukar KS sitt folkevaldopplæringsprogram, med to heile dagar totalt for deira del. Av desse tre timar med arealforvaltning. Plansjefen i kommunen har ein gjennomgang av eksisterande planer. Ordføraren var oppteken av at politikarane kjem med sitt lekmannskjøn, medan administrasjonen sit på fagkunnskapen.

Kommune 2

Har hatt dagskurs med Holt og Winge: forvaltningsrett, planer og planprosess. Kurs med Ks. Utvalet som jobbar med plansaker har hatt kurs i plan- og bygningslov.

Kommune 3

To dagar med KS her også, frå dei valfrie tema tok denne kommunen rolle og habilitet. Og ei økt med KS om planarbeid. Opplevde KS sitt opplegg som veldig overordna og «snilt», med lite ny kunnskap. Plansjefen i kommunen har hatt 45 minutt orientering i kommunestyre om gjeldande planer.

Kommune 4

Har òg hatt folkevaldopplæring frå KS. Samt ein seanse om plansaker med Holt og Winge, skal ha ein til seinare om dispensasjonar. Ynskjer også å trekke fram t.d. beitebruksplan, plan for biologisk mangfald og natur og eit forum for dialog med landbruket under dette temaet.

Kommune 5

Oppgir tre kjelder til opplæring: 1. KS sitt folkevaldprogram her også, to dagar, ikkje arealforvaltning. 2. Statsforvaltar gjennom forventningsbrev pluss webinar og kurs for dei som erinteresserte og 3: intern opplæring frå administrasjonen i utvalet som jobbar med plansaker.

Tiltak 2 Workshopane

Her tek me for oss oppsummering av evalueringsskjema fyrst, deretter betraktningar gjort av prosjektleiarar og forskarar.

Resultat frå evalueringsskjema

Det kom inn totalt 92 evalueringsskjema, alle politikarane som deltok leverte evalueringsskjema, medan administrativt tilsette som deltok som observatørar ikkje fekk skjema. Det var kun eitt heilt blankt spørjeskjema, alle andre var besvara fullt ut utanom at ni skjema ikkje hadde noko i fritekstfeltet på spørsmål 1.

Me har valt å framstille mange av resultata også på kommunenivå utan å anonymisere kommunane. Dette fordi me trur særleg politikarane som var med er interesserte i å sjå resultata for sin kommune.

Eksempel på evalueringsskjema ligg bakerst i rapporten.

Spørsmål 1 Korleis var det å vera med i workshop i dag (skriv nokre ord om kva du synest)

Dette var eit av tre fritekstfelt, og det einaste som ikkje var utarbeida for å vera valfritt. Me har alle tekstane på kommunenivå, men oppgir ikkje kommunen til sjølve tekstane her i rapporten for å unngå potensiell identifisering.

Klassifisering av svara kjem me attende til.

For kommunane samla sett er dette tala:

	Talet på svar	Prosent av svara
Negativ	9	9,8 %
Nøytral	27	29,3 %
Positiv	55	59,8 %
Tomt skjema	1	1,1 %

Alle svara kategorisert som negative

Dei ulike svara er skilt med !

Greit, litt mye "Jalla" ! Litt mye rollespill ! Ensidig ! Ble litt for politisk ! Ikke noe spesielt ! Litt bortkastet ! Noe bra innspill og synspunkter, men utbytte sto ikke ift tidsbruken !

Pluss to skjema som ikkje hadde tekst i feltet under spørsmål 1, men tekst lengre ned i skjemaet tilsa at tilbakemeldinga hørde heime i den kategorien.

Alle svara kategorisert som nøytrale

Dei ulike svara er skilt med ;

Fint. Kanskje litt mye lek ; Ok ; Greit nok ; Det va greit. ; Ok ; Ok. ; Skulle hatt mer info slik som på [rommet med foredraget til Hanne Sickel tilføyd av ER] ; 0 ; 0 ; OK ; Det var uvant, men fint å være med ; Litt lenge med 3 timar, men delar av det var nyttig ; Greitt ; Gikk greit ; 0 ; Litt lærerikt ; 0 ; Ok. ; Litt for travelt. Kan hende det var litt mang oppg. ; Ok ; 0 ; 0 ; 0 ; langt utenfor komfortsona, men utfordrende ; Over middels ; Greit nok, men føler litt på "forhåndsømming" av oss som lokalpolitikere. ;

Kategorien inkluderar skjema utan tekst i dette feltet, som ikkje hadde tydeleg inntrykk av å høyre heime i kategorien "negativ". (Me har ikkje flytta nokon svar utan tekst til kategorien "positiv". "0" er tomme skjema.

Alle svara kategoriserte som positive


Dei ulike svara er skilt med ;

Bra. God måte å bevisstgjøre oss på vedr. Arealpl. ; Interessant ; Utfordrende og spennende ; Bra ; Utrolig lærerikt ; Bra opplegg og program ; Bra opplegg ; Dette var nyttig fikk mye god kunnskap ; Bra. ; Artig oppsett. Spesielt første del ; Lærerikt ; Trur "flokken" fekk opp augo for nye perspektiv ; Stimulerende til fortsatt politisk arbeid. Interessant. Flott og morsomt organisert ; En enkel og lettfattelig måte for å få i gang tankeprosesser om vanskelige etiske spørsmål ; Ein god måte å få kunnskap på, bli betre kjent og få inspirasjon ; Positivt sosialt/kontaktskapande. Gode impulsar ; Triveleg, engasjerande, viktig ; Fint ; Lærerikt og artig ; Helt topp ; Spennende ; Lærerikt og "samlende" for k. styret. Variert og nyttig ; Helt topp! Kreativt og ufarlig ; Fint, lærerikt og interessant ; Interessant og lærerikt, artig å prøve ulike roller ; Utrolig lærerikt ; Det var greitt. Kjekt å møtast slik i dette kollegiet ; Bra opplegg ; Veldig artig, hadde håpet at vi kunne gå dypere inn i rollene i rollespill, det ble for lite tid til å virkelig få brynt seg. ; Interessant, morro å diskutere ; Effektivt og nyttig. Føler poenget nådde meg. ; Bra med aktivitet ; Det var spennende og litt nytt ; Dette likte jeg godt ; Nyttig, godt utgangspunkt for videre diskusjoner ; Flott, bra å bli utfordra ; Interessant og lærerikt, artig å prøve ulike roller ; Nytt, spennende og lærerikt ; God atmosfære for ufarlig deling ; Interessant ; Generelt fint. Skulle gjerne dykket mer ned i hvordan små kommuner jobber med arealsaker. ; Lærerikt, lyst til å forstå mer ; Det var praktisk. Det å kunne snakke med flere var bra. Det å kunne tenke på forskjellige ståsted ; Lærerikt, spennende, interessant, gøy ; God læring ; Veldig bra, positivt med praksis ; Veldig annerledes men bra måte å lære på ; Meget interessant ; Bra ; Fint ; Jeg trivdes. Det har ufarliggjort kontakten mellom du ulike partiene. ; Helt ok ; Bra, gøy opplegg ; Helt greit. ; Nyttig. ; Bra ; Bra ;

Resultat kommunevis (diagramma viser antal svar)

Korleis var det å vera med i workshop i dag (skriv nokre ord om kva du synest)

Spørsmål 1




Spørsmål 2: Kor fornøgd er du med eigen innsats i dag?

Avkrysning, resultat for kommunane samla


Svaralternativ	Tal på svar	Prosentfordeling
Misfornøgd	0	0,0 %
Verken eller	31	33,7 %
Fornøgd	60	65,2 %
Ingen kryss	1	1,1 %

Resultat kommunevis (diagramma viser antal svar)


Spørsmål 2



Totalt n = 21




Totalt n = 25



Totalt n = 16



Totalt n = 15



Totalt n = 15

Kategoriar


- Misfornøgd
- Verken eller
- Fornøgd
- Ikkje kryssa

Spørsmål 3: Kor mykje relevant ny kunnskap og/eller innsikt fekk du?

Avkrysning, resultat for kommunane samla

Svaralternativ	Tal på svar	Prosentfordeling
Ingenting	1	1,1 %
Litt	55	59,8 %
Mykje	35	38,0 %
Ingen kryss	1	1,1 %

Resultat kommunevis (diagramma viser antal svar)




Spørsmål 4: I kva grad var det nyttig/unyttig for deg med denne formen for arbeidsøkt framfor vanlege foredrag?

Avkrysning, resultat for kommunane samla

Svaralternativ	Tal på svar	Prosentfordeling
Vanleg foredrag ville vore meir nyttig	15	16,3 %
Begge formar er like nyttige	49	53,3 %
Denne formen var meir nyttig	27	29,3 %
Ingen kryss	1	1,1 %

Resultat kommunevis (diagramma viser antal svar)




Spørsmål 5: Kunne du tenkje deg meir opplæring for å bli betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

Avkrysning, resultat for kommunane samla

Svaralternativ	Tal på svar	Prosentfordeling
Nei	10	10,9 %
Ja	80	87,0 %
Ingen kryss	2	2,2 %

Resultat kommunevis (diagramma viser antal svar)




Her hadde seks politikarar skrive kommentar på arket ved spørsmålet.

- Kryss på nei og tekst "Hvis det kun kommer kommer fra ett utgangspunkt"
- Kryss på nei og uleseleg tekst
- Kryss på ja og tekst: "Men nøytralt"
- Kryss på ja og tekst: "Med ulike foredragsholdere"
- Kryss på ja og tekst: "Men av motparten"
- Kryss på ja og tekst: "Men vi er ikke heltidspolitikere"

Spørsmål 6: Kva tema ville vera mest interessante å høyre meir om?**(Du kan krysse av på så mange du vil)**

Tabellen på denne sida og diagrammet på neste side viser talet på kryss for dei respektive temaene både i kvar kommunane og samla sett. Samla sett kryssa politkarane i snitt på 6,0 tema med variasjon i kommunane frå 5,1 tema til 6,9 tema. (Ein kryssa på alle 16, og utanom eit heilt tomt skjema hadde alle kryssa minst eit tema.)

	Alle	Gol	Ål	Hol	Flå	Nesbyen
Arbeidsplassar og ringverknader av hyttebygging	59,8 %	47,6 %	64,0 %	56,3 %	66,7 %	66,7 %
Arealrekneskap	35,9 %	52,4 %	36,0 %	25,0 %	20,0 %	40,0 %
Beitedyras behov	37,0 %	42,9 %	36,0 %	31,3 %	40,0 %	33,3 %
Besøksforvaltning	29,3 %	23,8 %	20,0 %	56,3 %	20,0 %	33,3 %
Biologisk mangfald	37,0 %	42,9 %	40,0 %	25,0 %	33,3 %	40,0 %
Grøntkurs frå Nina, korleis ta vare på naturen ved utbygging	40,2 %	61,9 %	28,0 %	31,3 %	46,7 %	33,3 %
Habilitet og roller	20,7 %	23,8 %	20,0 %	18,8 %	26,7 %	13,3 %
Innbyggjarane sine behov	44,6 %	47,6 %	40,0 %	56,3 %	33,3 %	46,7 %
Konsekvensar for natur	63,0 %	57,1 %	64,0 %	50,0 %	93,3 %	53,3 %
Livskvalitet	26,1 %	28,6 %	20,0 %	37,5 %	33,3 %	13,3 %
Medverknad ved planarbeid	33,7 %	33,3 %	36,0 %	43,8 %	33,3 %	20,0 %
Jus, plan- og bygningsloven	32,6 %	33,3 %	40,0 %	31,3 %	26,7 %	26,7 %
Jus, dispensasjonar	20,7 %	28,6 %	8,0 %	43,8 %	13,3 %	13,3 %
Jus, kan det bli erstatningsansvar etter planvask?	35,9 %	52,4 %	28,0 %	37,5 %	33,3 %	26,7 %
Stadsutvikling	38,0 %	47,6 %	36,0 %	43,8 %	20,0 %	40,0 %
Konsekvensar for kommuneøkonomien av hytteutbygging	60,9 %	71,4 %	60,0 %	68,8 %	60,0 %	40,0 %



Me må påpeike at det vart gjort ei endring i evalueringsskjemaet etter fyrste workshop som var Gol. Me bytta teksten “Konsekvensar for kommunens økonomi ved utbygging” til “konsekvensar for kommuneøkonomien” for å klargjere kva som var meint. Forøvrig var alt i evalueringsskjemaene heilt likt i dei fem kommunane.

Det var òg høve til å skrive fritekst under avkrysningstabellen i spørsmål 6.

Andre tema (skriv så mange du vil):

Dei ulike svara er skilt med !

Det er helheten som er viktig ! Alle kommuner er i en eller [annen] fase av revidering av Arealdel. Så når er det passende / hvordan kan en kommune endre kurs ! Verdispørsmål - verdidebattar ! Når man starter som politiker burde man fått en bedre innføring i det som er bestemt tidligere ! Eksempel på stader/kommunar som har lukkast med primærnæring og turisme ! Eigen kursdag med jus ! Vil ha mer kunnskap m situasjonen i [kommunen til politikaren] !

Spørsmål 6. Skriv eventuelt andre kommentarar og innspel her:

Fritekstfelt nederst på skjemaet som fekk 24 svar som er gjengitt her.

Dei ulike svara er skilt med !

Bra ! Bra jobba, Tone var fantastisk ! Veldig interessante temaer som flere burde bli interessert i ! tre timar er litt snautt. Faktark om andre tema? med stikkord og problemstillingar ! Alt i alt, veldig bra opplegg. ! Tusen takk! ! Mange snakker om fakta, men det virker som en del vil velge sine egne ! Bra levert. ! Veldig godt initiativ og god gjennomføring ! Kunne vært mer informasjon. Mindre/ikke rollespill. ! Ofte slike samlinger ! Greit opplegg. Litt annerledes enn hva en hadde tenkt. Fint med diskusjon på tvers av partiene ! Takk for en bra workshop ! Det er tydelig at vi har en [politisk parti]-ordførar. ! Som forsker[e] flest så blir sammenligningen på de verste sakene, lite om hvordan det var lokalt ! Hovedutfordringen i vårt kommunestyre er at fakta bestrides ! Det er svært få i et kommunestyre som har kompetanse i arealsaker. Små kommuner har en liten administrasjon der det blir flaks/uflaks hvordan arealsaker jobbes med og legges fram i kommunestyrene. ! Veldig gøy ! Takk for i dag! Nå må vi føre dette videre inn i [det] politiske arbeidet. ! Dette vil jeg ha mer av ! Håper dere gjør tilsvarende opplegg med andre grupper (miljøvernere, utbyggere osv.) ! Flott gjeng ! Samspill mellom arter, planter, dyr ! For mye tid ble brukt på lek i starten ! Helt greit å være delaktig. Kan bli kjedelig å bare høre på foredrag. ! Nyttig med de første oppgavene - vi må se hverandre i øya - og vi må kommunisere !

Oppsummering av observasjonar frå notatane til prosjektleiarar:

Drøfting av resultatane kjem under neste kapittel. Her kjem det i hovudsak reine observasjonar som ikkje allereie er dekkja av resultatane frå evalueringsskjema. Me har valt å formidle nokon betraktningar her òg, men berre dei som er eigna til å samanfatte observasjonar er nokså eintydige.

Oppvarmingsdelen

Den relativt lange oppvarmingsbolken verka å fungere bra. Det var stort sett ei uformell og humoristisk tone. Det verka som deltakarane i stort evna å leggje frå seg vanleg politikarrolla og var villige til å dele noko av personleg art. Totalt to politikarar valde å ikkje delta i oppvarmingsøvingane samla sett.

Temadelen

Hanne sitt rom (foredrag om effektar av utmarksbeiting)

Langt på veg alle var ivrige til å fortelje om positive assosiasjonar og supplere dei førre talarane når ordet var fritt til å svare på spørsmålet “Hvilke verdier ser du i dette bildet”. Fire-fem deltakarar uttrykte seg kritiske til workshopen som sådan i si taletid. I fleire av kommunane var politikarane så interesserte i tematikken at det var vanskeleg å få avslutta på tida.

Christian sitt rom

Dei fleste var deltakarane var ivrige etter å fortelja kva for verdier dei såg i dei to bileta. Når øvingane med ulike roller begynte var det nokon få som ikkje ville delta. Fleire av deltakarane hadde eit satirisk preg over den eine eller begge rollene dei bekledd.

Avslutning

Stol ein: Kva forventningar hadde du

På tvers av kommunane svarte mange at dei ikkje hadde nokon spesielle forventningar. Somme forventa å lære litt eller mykje. Det vart gjeitt uttrykk for å både glede seg og grue seg til dei bebuda rollespela. Fem deltakarar gav uttrykk for at dei hadde vore kritiske.

Stol to: kva fekk du

Svært mange gav uttrykk for at dei hadde lært noko. Svært mange gav uttrykk for at dei hadde sett pris på å vera saman med dei andre og bli kjent. Det var òg ein del som trakk fram “På linje”-øvinga i oppvarminga som eit høgdepunkt. Tre deltakarar meinte tvert i mot at kommunestyret i si kommune hadde vorte meir polarisert som følge workshopen. Opplegget i rommet til Hanne vart trekt fram av fleire som særleg bra. Mange påpeikte at dei likte det heile betre enn dei hadde trudd.

Stol 3: Kva treng du no for å få bli betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

Svært mange svarte heilt kort at dei trengde meir kunnskap/fordjuping. Eit lite knippe gav uttrykk for at dei kunne alt dei trengde og held seg løpande oppdatert uansett. Eller at dei ikkje hadde tid til meir. Nokon gav uttrykk for at dei no trengde andre syn enn det dei hadde fått i denne økta. Og nokon hadde variantar av kva ordførar og/eller administrasjon kunne gjera framover.

Eigen kritisk evaluering av tiltak 2

Som resultat har vist over har det kome fleire innspel på kva deltakarar mislikte eller ville forbetra. Hovudpunkt tek me opp i drøftinga i kapittel seks.

Her vil me i staden liste opp moment me ville forbetre dersom ein skulle arrangert workshop på nytt.

- Det var knapt med tid i Christian sitt rom.
- Det var truleg for liten bakgrunn for å ta rollene. Truleg burde me sagt meir om kva dei ulike rollene var og kva dei innebar, til dømes etablert kva rollefiguren kunne vera oppteken av.
- Spørjeskjema hadde for få svarkategoriar. Til dømes var det berre mogleg å svare Ingenting, Litt eller Mykje på spørsmål 3: Kor mykje ny kunnskap og/eller innsikt fekk du? Nesten 60 % svarte litt og berre ein deltakar svarte ingenting. Om ein hadde fleire kategoriar ville ein fått meir nytte av resultatet. Les ein tekstsvare ved sidan av tyder det på at somme av dei som kryssa litt meinte veldig lite men tross alt meir enn ingenting, medan andre vegra seg for å krysse av på Mykje som jo var max score og kanskje ville ha kryssa av for Mykje dersom det også var ein kategori med svært mykje. Skulle me laga skjema på nytt ville me kanskje hatt kategoriane: Ingenting, Litt, Ein del, Mykje og Svært mykje.
- Var workshopane for einisidige? Totalt 7 deltakarar gav uttrykk for dette i evalueringsskjemaet. Me kjem attende til det under drøftingane i kapittel 6.

Tiltak 3 Samling for arealplanleggjarane

Her er heile dokumentet som vart utarbeidd på delt skjerm under samlinga med 16 tilsette i planavdelingane i fire kommunar. Det vart reinskrive til denne formen etter samlinga og sendt på høyring, alle innspela til forbetringar/rettingar vart teke til følge. Me hadde som utgangspunkt at dette dokumentet skulle samanfattast, men etter innspel frå forskarane som også deltok i samlinga har me landa på å leggje det fram i si heilheit. Mellom anna fordi det kan vera interessant som rådata til vidare arbeid med tematikken. Dei respektive innlegga som kom under samlinga vart skrive ned på direkten og – markerer starten på eitt innlegg. Christian Pedersen forskar ved Nibio er den einaste som ikkje er anonymisert.

Spørsmål 1:

Kva erfaringar har du som arealplanleggjar for det overordna spørsmålet:

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

a) Kor godt synes du at du lykkast med å lage saksframlegg som politikarane forstår?

- Me har blitt flinkare til å ta med vurderingar knytta til naturmangfald i saksframlegg. Men er det godt nok dersom det ikkje blir teke til følge eller diskutert ytterlegare?
- Varierer mykje. Visst politikarane oppfattar saka som spennande set dei seg meir inn i saka. Nokon gonger går saken rett gjennom utan spørsmål, andre gonger er det mange spørsmål, utan at ein kan spå det på førehand. Det varierer også mykje kor god tid me har til å lage saksframlegg.

- Det kan vera veldig omfattande møter med mykje sakspapir. Det er ikkje godt å vite kva saker som blir grundig diskutert og kva saker som får kort diskusjon. Det er ganske omfattande kor mykje kommunane skal til stilling til om naturmangfald.
- Jo lengre saksframlegg, jo mindre sannsynleg at dei les det nøye nok. Då blir det ei dilemma med tanke på at ein også skriv saker som statsforvaltar skal vurdere og dermed treng å ha med mange moment. Spørsmål me stiller oss er: Skal noko vera vedlegg slik at det viktigaste er med i framlegget, og t.d. jus ein annan stad.
- Fordel å ha det så kort som mogleg, men kravet til kva som skal vurderast aukar. Kan vera lurt å sjå på oppsettet slik førre innspel gjekk ut på.
- Det oppstår tilfeller der ein forsøker å vera tydeleg fagleg, men at det blir oppfatta som eit politisk innspel. Då får ein eit spørsmål: korleis kan ein vera tydeleg på fagleg grunn utan å bli oppfatta som å fremje eit politisk syn.
- Christian: Oppstår dette når det er ein ubehageleg sannheit som kjem fram i saksframlegg?
- Eksempel: "Tålegrense" blir oppfatta som politisk lada ord, men er meint fagleg.
- Prøver å vera bevisst på å skrive framlegg som er lett å forstå, leggje vekt på det viktigaste. Fordi politikarane ikkje klarar å lesa alt før møtene.
- Det er utruleg mange omsyn i plansaker, der nokon er motstridande. Derfor kan noko i framlegga oppfattast som å ha slagside.
- Dersom ein skriv kort for å auke sjansen for at det skal bli lest er det ein fare for at noko blir utelate. Me har inntrykk av at vedlegg blir ofte ikkje lest. Vanskeleg å få fram alt kort nok.

b) I kor stor grad forstår politikarane saksframlegga slik du som arealplanleggjar har meint?

- Av og til blir det nok misforstått. Det skjer iblant at noko blir misforstått eller brukt for å fremje eit anna syn enn det som var meint fagleg.
- Christian: Når nokon reagerer på ordlyden, er det når det er i favør eller disfavør av utbyggjarinteresser?
- inntrykket er at det skjer når det er i disfavør av utbyggjarinteresser.
- Dersom ei sak eller eit aspekt ikkje er vinkla like positivt som nokon ynskjer, kan dette få all merksemda. Slik at diskusjonen går inn på noko anna enn det den skulle. Ideelt sett skulle diskusjonen teke utgangspunkt i det faglege. Den faglege integriteten blir somme gonger misforstått eller brukt til ein diskusjon som ikkje tener saken.
- Opplever generell god dialog mellom politikarar og administrasjon og at dei i stor grad hadde forstått innhaldet i saksframlegg. Ingen stor konflikt i [enkeltkommune].
- Det er spennande å jobbe i skjæringspunktet fag/politikk. Utfallet blir avgjort av kven som har fleirtal/mindretal og administrasjonen styrer ikkje dette. Men den politiske samansetjinga kan avgjere korleis framlegga blir brukt.

c) Korleis opplever du heile saksgangen?

- Eksempel frå arbeid med kommuneplanens arealdel: Arbeidsmøter med arealplanleggjarar og politikarar. Ein uformell setting der dei kan få større forståing, før vedtaket skal fattast fyrst i neste runde. Nyttig for kommuneplanprosessen. Det er tidkrevjande, men har fungert bra.
- Opplever at det er lettare for politikarar å gå for kommunedirektør si innstilling dersom ein er kjent med korleis argumentasjonen har vorte til. Forankring. I ein ideell verden burde ein gjort det med reguleringsplaner også. Er ofte ikkje tid, ressursar kapasitet til det.

Spørsmål 2:

a) Kva kunnskap har politikarane i dag sett frå dykkar ståstad?

- Det er me som skal ha kunnskapen. Dei skal kunne lese det ut frå saksframlegga og kunnskapsgrunnlaget. Vanskeleg å svare på - me veit ikkje kva dei kan og ikkje kan.
- Det har noko med rolleforståing å gjera. Me skal gjera jobben vår på ein objektiv måte, men det blir ikkje alltid oppfatta slik.

b) Kva for kunnskap skulle du som arealplanleggjar ynskje at politikarane hadde meir av?

- Rolleforståing, kva skal administrasjonen gjera og kva skal politikarane gjera?
- Planprosess, dispensasjon, prosess. For å gje meir tid til å drøfte andre ting. Det er enklare lengre ut i valperioden.
- Forståing for at kommunane våre er ein del av Norge. For å oppnå nasjonale forventningar og mål. Til dømes: dyrkamark, dyrkbar mark.
- Me i administrasjonen jobbar etter FNs bærekraftsmål, og dei er ikkje verdinøytrale, men normative i seg sjølv. Me er ikkje nøytrale, men kunnskapsbaserte.
- Christian: Visst kommunestyret vil følgje FN og så kritiserer saksframlegg for å ikkje vera nøytrale, møter ein seg sjølv i døra. Er det ein ide å hekte framlegg på kommunestyret sine tidlegare vedtak? Kan vera ei hjelp, berre ein ide..
- Det er ikkje alltid politikarane er så konsekvente. Somme gonger vil dei ivareta grunneigar sine interesser, men ikkje alltid. Me viser til regionale og nasjonale forventningar. Og me skal følge FNs bærekraftsmål.
- Fint om dei visste at administrasjonen sit på mykje kunnskap og at den ikkje er feil.
- Kjennskap til når det er lurt å stille spørsmål, til dømes er det betre å gjera det tidleg i ein lang prosess med til dømes arealplan enn ved siste handsaming.

Spørsmål 3:

Konkrete forslag til tiltak når spørsmålet er:

Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?

Døme: Ulike former for politikaropplæring, Det du som arealplanleggjar kan gjere, Andre forslag

- Har inntrykk av at det å leie inn til dømes Holth og Winge (H&W) blir positivt motteke. Det får ein annan tyngde når det kjem frå nokon andre enn administrasjonen.
- Einig med førre talar. H&W var veldig flinke til å vise skilnad på jus og politikk, særleg dispensasjonar. Det betyr mykje at ekspertar kjem, sjølv om dei seier mykje av det same som administrasjonen. Viktig å få påminningar med jamne mellomrom.
- Det har vorte fleire som stiller til dels utfordrande spørsmål om naturverdiar enn tidlegare.
- H&W er nyttig og fint. Det er i blant avstand mellom praksis og teori. Det går litt i gløymeboka.
- Mange blir inspirerte av foredrag, men går attende til same tralten når kvardagen kjem. Kva om foredragshaldarar var med i ein del to, eit faktisk møte seinare?

Prosjektlearane sendte dokumentet ut på høyring til alle som var med, og teke tre innspel til følge i teksten over fordi det var klart at endringane representerte det som vart sagt i samlinga betre. I tillegg fekk me dette innspelet som er forandra litt for å få det anonymt: “[...]vi kjenner oss ikke helt igjen i de utfordringene som noen av de andre kommunene tok opp. Har ikke behov for å legge til noe/endre i oppsummeringen, men ville bare påpeke det, og at det sikkert er store forskjeller fra kommune til kommune.”

5. Drøfting av resultata og forslag til vidare arbeid

Lite opplæring av poltikarane i arealsaker hittil

Hovudinstrykket etter intervju med ordførarane er at det er for lite tilpassa opplæring i arealforvaltning i folkevaldopplærings frå KS som mange av hallingdalskommunane nyttar seg av.

Workshop er liv laga og politikarane ynskjer meir opplæring

Vår viktigaste konklusjon er at metoden me prøvde ut med workshop i kommunane er liv laga. Og at politikarane vil lære meir.

Frå spørsmål 1 vil me trekkje fram at nesten 60 prosent i evalueringsskjema ytra seg positivt om korleis det var å delta i workshop. Rundt 30 prosent uttrykte seg nøytralt og rundt 10 prosent tykte det var negativt (frå spørsmål 1). Dette stemmer godt med det etterlatne inntrykket frå avslutningsdelen i workshopane som også er summert opp over. Mange av tilbakemeldingane handla om at deltakarane hadde vorte inspirerte til meir læring.

Spørsmål 2 om kor godt fornøgd deltakarane var med eigen innsats viste at rundt 65 % sa seg fornøgd med eigen innsats, og ingen kryssa på misfornøgd. 35 % kryssa på hverken eller. Me trekk ikkje noko spesielt ut av dette, men svært låge resultat her kunne ha tyda på at formen gjorde deltakarane utrygge.

Spørsmål 3 (om kor mykje relevant ny kunnskap) har me vore innom under eigen kritisk evaluering. Rundt 60 % kryssa på litt, 38 prosent mykje og 1,1 prosent ingenting. I ein kommune er andelen "litt" på over 80 prosent slik at det ser ut som eit dårleg resultat kva gjeld læringsutbytte. Her trur me at evalueringsskjemaet har for få kategoriar. Slik at blant dei som har kryssa for litt finst det både dei som meinte "såvidt meir enn ingenting" og dei som meinte "relativt mykje". Bakgrunnen for å tru dette er at svara på spørsmål 1 og notatane frå avslutningsdelen på workshopane gir tydeleg inntrykk av at deltakarane sine oppfatningar dekte eit stort spekter.

I spørsmål 4 kryssa deltakarane av på i kva grad var det nyttig/unyttig for deg med denne formen for arbeidsøkt framfor vanlege foredrag? Berre 16,3 prosent svarte at vanleg foredrag ville vore meir nyttig, medan nesten dobbelt så mange, 29,3 prosent, svarte at denne forma var mest nyttig. Majoriteten (53,3 prosent) vurderte dei to formene som like nyttig. Dette tilseier at denne forma kan brukast vidare, men sjølvstundt ikkje at ein bør slutte med vanlege foredrag.

Spørsmål 5 sine resultat gir eit veldig tydeleg resultat der 87 prosent svara ja på spørsmålet "Kunne du tenkje deg meir opplæring for å bli betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?" (10,9 prosent svara nei og 2,22 prosent kryssa i ikkje av på noko). Av dei som hadde kryssa nei her hadde alle utanom ein likevel kryssa av på nokon tema dei tykte var interessante i neste spørsmål.

Spørsmål 6 har også eit resultat som tyder på at det er grunn til å jobbe vidare med opplæring. Som nevnt kryssa deltakarane av på rundt seks tema i snitt.

Tre tema som stikk seg ut med mange kryss er:

- konsekvenser for kommuneøkonomien av hytteutbygging
- konsekvenser for natur
- arbeidsplasser og ringverknader av hytteutbygging

Det tilseier at framtidige liknande opplegg bør fokuser på desse tema.

Fasilitatorkompetanse

Den opprinnelege planen for tiltak to var at prosjektleiarane og forskarane skulle bli rusta til å fasilitere workshopane sjølve etter to heile dagar med Tone Aas Skålevik. Undervegs i den prosessen valde me å engasjere henne til å delta på workshopane også. Me nemner dette her for å påpeike at å leie ein workshop som også inneheld rollespel er eit fag og krev kompetanse, øving og grundig førebuing. Samtidig skal forskernes rolle være nøytrale og faglig troverdige. Tone Aas Skålevik lærte oss også å ikkje presse for mykje inn på kort tid og kor viktig det er med ein relativt lang oppvarmingsdel for at temadelen skulle fungere etter intensjonen der deltakarane skulle gå inn i ulike roller etc.

Forbetringar av workshop

Resultata viser klart at at workshopformen me utarbeida kan betrast. Me har allereie påpekt opplagte moment under eigen kritisk evaluering ovanfor, som gjekk på tidsdisponering og oppsett av rollespel under temadelen, samt at evalueringsskjemaet hadde for få kategoriar.

Var workshopane for einisidige?

Totalt 7 deltakarar gav uttrykk for dette i evalueringsskjemaet. Inntrykket frå både gjennomføringa og avslutningsdelen av workshopane tyder på at det gjaldt endå fleire enn desse sju, men det synest som at det var eit klart mindretal som ansåg dette som eit problem.

Me ser at når Buskerud bonde- og småbrukarlag er prosjekteigar ligg det eit potensiale for å tenkje slik, sjølv om heile prosjektgruppa bestreba seg på å ikkje framføre opne eller skjulte partsinnlegg.

Det var òg to naturforskarar med, som representerer konsesus i sine felt, men tross alt kjem frå sine felt. Me vil som eit eksempel påpeike at Christian Pedersen passa på å framheve positive verdiar med hyttebygging under øvinga med dei to bileta sjølv i dei tilfella dette ikkje vart nevnt av deltakarane.

Prosjektgruppa trur at ein forskningsinstitusjon eller eit forskningsmiljø kunne blitt oppfatta som ein meir nøytral prosjekteigar/prosjektstyrar enn Buskerud bonde- og småbrukarlag.

Likeeins kan ein ved framtidig arbeid vurdere å ta med forskarar som representerer andre felt enn natur. Ekspertar på ringverknader og arbeidsplassar er naturleg å tenkje på - gitt kor mange som kryssa av for dette temaet. Prosjektgruppa meiner ein i så fall bør søkje å finne nokon som representerer konsensus på sitt felt.

For mykje leik eller rollespel

I evalueringsskjemaet har me talt opp fem personar som var tydelege på at det var for mykje leik og/eller rollespel. Truleg er det fleire som tenkte det utan å gje tydeleg uttrykk for det. Truleg vil dette talet aldri bli null med noko opplegg, og som resultatet ellers viser var dei fleste fornøgde. Me meiner det likevel er viktig å hugse på dette ved framtidig arbeid.

Viktige moment frå samlinga med arealplanleggjarane

Prosjektgruppa ynskjer å trekkje fram nokon av replikkane frå resultatet frå tiltak tre som me vurderer er særleg aktuelle å jobbe vidare med:

- Rolleforståing, kva skal administrasjonen gjera og kva skal politikarane gjera?
- Me i administrasjonen jobbar etter FN's bærekraftsmål, og dei er ikkje verdinøytrale, men normative i seg sjølv. Me er ikkje nøytrale men kunnskapsbaserte.
- Mange blir inspirerte av foredrag, men går attende til same tralten når kvardagen kjem. Kva om foredragshaldarar var med i ein del to, eit faktisk møte seinare?

Forslag til vidare arbeid

Per no har ikkje Buskerud Bonde- og Småbrukarlag planer om å søke finansiering til eit hovudprosjekt.

Prosjektgruppa meiner etter gjennomført forprosjekt at det ikkje er tvil om behovet for meir arbeid med dette. Politikarane ynskjer å lære meir.

Den enkle oppsummeringa av forslag til vidare arbeid er:

Meir opplæring i eitt breitt spekter av tema, gjerne i forma me prøvde ut, den fungerte. Helst med forbetringane me har drøfta, kanskje med eit breiare kunnskapsgrunnlag i den enkelte workshop. Eller kanskje som ein serie med ulike enkelttema frå ulike forskarar med god standing i sine felt.

Desse tre tema skil seg ut som mest interessante: konsekvenser for kommuneøkonomien av hytteutbygging, konsekvenser for natur og arbeidsplasser og ringverknader av hytteutbygging

Den strukturerte oppsummeringa av forslag til vidare arbeid er:

Mål	Tiltak
Lære om konsekvensane ved hyttebygging for: • Kommuneøkonomien • Naturen • Arbeidsplassar og ringverknader av hyttebygging	Grundigare opplæring i arealforvaltning der forskarkompetanse blir brukt for å lære meir om tema som politikarane har lagt vekt på Gjerne bruke ulike metodar for undervisning. Forslag: Planlegge dette som temadagar i folkevaldopplæringa.
Lære meir om rolleforståing	Arbeidsverkstad som kommunen kan arrangere sjølv gjerne ved å bruke pågåande sak i sin kommune for å få fram ulike roller.

6. Takk til deltakarar og finansieringskjelder

Takk til Buskerud fylkeskommune og Statsforvaltaren i Oslo og Viken samt Buskerud landbruksselskap for tilskotsmidlar som gjorde det mogleg å gjennomføre dette forprosjektet.

Takk til Regionrådet for Hallingdal som tok dette opp som sak og la til rette for at det kunne gjennomførast i Hallingdalskommunane.

Takk til ordførarar som la til rette for planlegging og gjennomføring av halvdags workshop.

Takk til politikarar som deltok på halv dags workshop og gav grundig tilbakemelding.

Takk til tilsette i kommuneadministrasjonane for tilrettelegging og deltaking.

Takk til arealplanleggjarane for deltaking på digital samling.

Vedlegg 1, evalueringsskjema

(Det vart delt ut på workshopane som eit a4-ark)

Evalueringsskjema av workshop i [Kommune] [dato] i forprosjektet: *Kva skal til for at politikarar skal vera betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker*

Set ring rundt talet og brett skjemaet så det blir anonymt.

1. Korleis var det å vera med i workshop i dag (skriv nokre ord om kva du synest)
2. Kor godt fornøgd er du med eigen innsats på workshopen i dag.
 1. Misfornøgd
 2. Verken eller
 3. Fornøgd
3. Kor mykje relevant ny kunnskap og/eller innsikt fekk du?
 1. Ingenting
 2. Litt
 3. Mykje
4. I kva grad var det nyttig/unyttig for deg med denne formen for arbeidsøkt framfor vanlege foredrag?
 1. Vanleg foredrag ville vore meir nyttig
 2. Begge formar er like nyttige
 3. Denne formen var meir nyttig
5. Kunne du tenkje deg meir opplæring for å bli betre rusta til å ta avgjerder i arealsaker?
 1. Nei
 2. Ja

6. Kva tema ville vera mest interessante å høyre meir om?

(Du kan krysse av på så mange du vil)

☐	Arbeidsplassar og ringverknader av hyttebygging	☐	Konsekvensar for natur
☐	Arealrekneskap	☐	Livskvalitet
☐	Beitedyras behov	☐	Medverknad ved planarbeid
☐	Besøksforvaltning	☐	Jus, plan- og bygningsloven
☐	Biologisk mangfald	☐	Jus, dispensasjonar

	Grøntkurs frå Nina, korleis ta vare på naturen ved utbygging		Jus, kan det bli erstatningsansvar etter planvask?
	Habilitet og roller		Stadsutvikling
	Innbyggjarane sine behov		Konsekvensar for kommuneøkonomien av hytteutbygging

Andre tema (skriv så mange du vil):

6. Skriv eventuelt andre kommentarar og innspel her:

Vedlegg 2, E-post med linkar til forskingsresultat

Utdrag frå ein e-post som vart sendt til ordførarane rett etter workshopane og som dei distribuerte dei til alle deltakarane i sin kommune.

[...]

Her er det ikkje mindre enn elleve lesetips, så me har skrive litt her i e-posten om kva dei ulike linkane inneheld, så kan alle begynne med det dei finn mest interessant.

Tre rapportar anbefalt av Hanne Sickel:

1 «Terroir på norsk – husdyrprodukter med lokal identitet»

(Linken går rett til open pdf-fil)

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2437477/Bioforsk-FOKUS-2015-10-06.pdf?sequence=3>

2 «Mat og opplevingar i fjellet: Berekraftig bruk av lokale ressursar»

(Linken går til open side med samandrag og du kan laste ned rapporten)

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/3023584>

3 Bonus frå Hanne: «Verdiskaping i utmark – status og muligheter»

(Linken går til open side med samandrag og du kan laste ned rapporten)

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2828238>

Fire lesetips frå Christian Pedersen:

1. Kronikk av mellom anna Christian i Kommunal Rapport om hytter og beitekvallitet i Sør-Norge. I den ligg også link til den vitenskaplege artikkelen og til kartlaga til NIBIO. (linken går til open nettside):

<https://www.kommunal-rapport.no/meninger/hytter-og-beitedyr-arealkonflikter-kan-forebygges/794090>

2. Rapport om arealnøytralitet som Christian meiner er verdifull å lesa m.a. fordi han meiner den definerer begrepet godt. Rapporten er laga på vegner av interesseorganisasjonar, men NIBIO har vore med i referansegruppa til rapporten. (Linken går rett til open pdf-fil): https://zero.no/wp-content/uploads/2024/10/Kampen-om-arealene_trilemma.pdf

3. Pedagogisk nettside om naturverdiar

Formidlar Nibio-prosjekt om kva naturverdiar som finst i areal som mange definerar som uutnytta eller ubrukte.

(Linken går rett til open "interaktiv" nettside) <https://arcg.is/04e0Dz>

4. Disposasjonspraksis i kommunene – hvordan blir naturmangfoldet ivarettatt?"

"Artikkelen belyser hvordan kommunene i disposasjonsbehandlingen ivarettar de sårbare naturområdene". Undersøkinga er gjort på kommunane Råde, Moss, Hol og Hemsedal.

(Linken går til nettside der du kan lese heile artikkelen, som i sin tur bygger på ei masteroppgåve.)

<https://www.scup.com/doi/full/10.18261/kp.118.1.5#sec-3>

To rapportar anbefalt av Vegard Gundersen frå NINA

(Han skulle vore med på workshopane men vart sjukemeldt, og Christian vart hans vikar. Desse rapportane tek for seg mykje av det han ville ha snakka om)

1: Bare på besøk? Metoder for integrering av besøksforvaltning i planarbeid

Rapport frå TØI, NMBU og NINA om ulike tema i Norefjell-Reinsjøfjellregionen. Både ferdsel i naturen, villrein, økonomi og kva lokalbefolkning og tilreisande synest om ulike saker. Den tek mål av seg til å presentere "Innovativ metodikk for integrering av besøksforvaltning i regionalt og kommunalt plan og utviklingsarbeid"

(Linken går til open side med samandrag og du kan evt laste ned rapporten)

<https://www.toi.no/publikasjoner/bare-pa-besok-metoder-for-integrering-av-besoksforvaltning-i-planarbeid>

2: Tradisjon og destinasjon - en studie av fritidsboliger, ferdsel og fremtidsbilder på Hardangervidda

Handlar også litt om villrein og ferdsel, men mykje om sosial bærekraft: hytteeigarane, innbyggjarane og andre aktørar sitt syn på og haldningar til hyttebygging.

(Linken går til open side der du kan laste ned rapporten, ikkje samandrag)

<https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/3077502>

I tillegg to rapportar frå Menon som tek for seg mellom anna ringverknader og arbeidsplassar.

1: Rapport laga for Viken fylkeskommune i 2022 "avveie positive lokaløkonomiske virkningar mot negative virkningar gjennom nedbygging av natur."

Her er mellom anna eit djupdykk i pengeflyten inn og ut av kommunen.

(Linken går til side der du kan lese samandrag og laste ned rapporten (må i så fall registrere deg))

<https://menon.no/prosjekter/baerekraftig-arealutvikling-i-norefjell-reinsjofjell>

2: Rapport laga for NHO i 2019 om antal arbeidsplassar i Hallingdal etc:

(Linken går til side der du kan laste ned rapporten (men må registrere deg), ikkje samandrag)

<https://menon.no/prosjekter/ringvirkningsanalyse-reiselivet-hallingdal>

[...]

Vedlegg 3 Eksempel på notatar

Denne er frå rommet med Hanne Sickel i ein av kommunane, med begge gruppene.

Gruppe 1:

Verdier som beskriver bildet:

- Melkesjokolade
- Norsk matproduksjon
- Levende naturlandskap
- Flott fottur
- Stølsdrift
- Kalver, kyr
- Ost
- Beiting
- Ro
- Mye godt kjøtt
- Tilrettelagt for å kjøre
- Verdifullt for alle

Hanne forteller:

- Fjellbeite
- Forressurs
- Gir en annen kvalitet på melk & kjøtt
- Matsikkerhet – stort potensiale
- Konklusjon: kinderegg
- Fjellproduksjon: er et annet og bedre produkter
- 1 % av norsk areal som er naturlige vokseområder for urter – de siste 100 årene har vi fått et helt annet landskap
- Beitedyr blir borte: færre og færre beitedyr i fjellet, spesielt kyr

Tanker/reaksjoner etter at Hanne hadde presentert:

- Nedleggelse jordbruk, færre beitebruk – om 10 år er det ikke beitedyr eller aktive gårder igjen – kun hytter
- Ubegripelig at ikke flere bryr seg
- Første pr: få opp NORSK matproduksjon
- Lavlandsbonde + fjellbonde: hvorfor leier de ikke i fjellet og sender dyra på beite der?

Gruppe 2:

Verdier som beskriver bildet:

- Bønder fortsatt til stede
- Dyra ute fritt
- Fint terreng, fin utsikt, kontraster sommer/vinter
- Glad for at vi kan ha det sånn
- Terreng som bærer preg på at det blir brukt som beite, må ta vare på
- Mest klimavennlige måten å produsere mat på
- Matproduksjon
- Beitebruk
- Kulturlandskap – som ikke hadde vært der uten dyra
- Vei som må være der for tilgjengelighet – traktorveg
- Matverdi
- Kontrast mot alt som er gjengrodd i dag
- Tredelt: stølsdrift, urørte fjell, rå høvfjell – harmonerer og glir naturlig inn i hverandre
- Tradisjoner
- Naturen kan brukes til både dyr og mennesker
- Kun kyr som kan beite sånn, sauer kan ikke det
- Slike tegn på vannrikt, med tanke på hva som vokser der
- Levende bilde, kjenner at det er friskt luft – landskap for alle

Hanne forteller:

- Lysåpent kulturlandskap, variert
- Rødlista
- Et variert kulturlandskap må brukes for å ivaretas
- Biologiske mangfold
- Vitamin, antioksidanter, sterke aromatiske lukter og antibakterielle egenskaper, mindre mettet fett, mer umettet fett i melka, karotener fra plantene kommer over som farge på produkt
- Matsikkerhet
 - o 45% av all areal er beitebart
 - o 3% dyrkbart areal
 - o Potensial 9,5 mill, i dag 2,5 mill
- Bærekraftig matproduksjon – bidrar i klimakrisen

Tanker/reaksjoner etter at Hanne hadde presentert:

- Glad for at du sier at vi kanskje kan parkere debatten rundt kjøtt hvis dyra har vært ute på beite, er det en helt annen sak.
- Hvordan er kjøttet produsert? Hvordan har dyra hatt det?
- Kjøttet er generelt for billig. Økonomisk overskudd
- Vi begrenser arealplanen, blir veldig spisst mot hytteutbygging
- Bedre beitebruk, mer alternativt på støle

- Gå gjennom planene på nytt med en annen type/mer variert fokus, invitere bøndene inn
- Matproduksjon i fjellet, lokale fjellnettverk
- Anerkjenne at stølene ikke ligger tilfeldig i landskapet
- Beiteundersøkelser for å se hvilke områder som er best som beiter, ta hensyn til dette ved hytteutbygging
- Hva trenger vi mer av?
 - utvide horisonten som politikere
 - flere aspekter å ta hensyn til ved arealplanlegging
 - respekt for hvor komplekst saker er som vi skal ta stilling til og for hvor lang tid det skal stå seg
 - en del sinn som har blitt åpna, tanker sådd
 - Ønsker framover: arealplanlegging, verdidebatter